

- Beste festivalfrukosten i heile landet!

05.08.2017



Fleire hundre kosa seg på festivalfrukost.

Uttalen i overskrifta kom frå dei to erfarne festivaldeltakarane Marcus Olsen og Brage Nilsen frå Bergen som gjestar Festidalen for første gong. Liknande og rosande omtalar kom frå andre gjester om denne flotte starten på Festidalen-laurdagen som no har vore fast dei seinare åra.



Festivalsjefane Una Kolle og Margit Lund Mikkelsen stod for arbeidet med festivalfrukosten saman med dei frivilljuge ungdommane Joakim L. Myklebust, Solveig Haugland og Anne Marthe Mehl Richardsen.

Som dei to bergensarane er det også mange av dei som kjem til Festidalen-frukost for første gang som vert overraska. Der finn ein alt som eit godt frukostbord skal innehalda. Brød og rundstykke, ulike variantar av kjøtpålegg, ost og syltetøy, egg og mykje frukt og grønt. Til drikke er det både ulike typar juice, melk, kaffi og te. Utvalget er topp!! Alt er gratis!!

Frukosten er eit spleiselag mellom SPAR Uskedalen, restauranten Oska og Festidalen. SPAR spanderer all maten og leverer den på døra, Oska stiller med lokale og Festidalen stiller med frivilljuge til å gjennomføra den store frukosten.

Første gjesten kom like før opning kl.9.30. Det var deltakarar på dagens fjelltur som skulle ha ein god frukost før det byrja Englafjellsturen. Blant dei første var også dei danske Uskedalsvennene Frank og Jane Pedersen som bur i hytte på Rabben Feriesenter. Som dei andre gjestene var dei storleg begeistra over det fantastiske tilbudet.

Etter ein litt roleg start det første kvarteret, strøymde det på med folk. Det var tilreisande Festidalen-gjester m.a. frå festivalcampen, bygdafolk både frå Uskedalen og nabobygdene. Nokre hundre var nok innom dei to timane frukosten varte. Alle var fornøgde og takksame for den flotte starten dei hadde fått på dagen.

Resten av dagen er det vanleg opning med god Smakifrå-meny på Oska.



Søstrene Mari og Martha Sofie Teigen Varanes hadde seg ein god frukost saman med venninna Mariann Hegg frå Hof i Vestfold før Englafjell-tur.



Frank og Jane Pedersen frå Danmark syntes det var fantastisk å verta invitert på gratis festivalfrukost.  
Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland